



## Referat frå kommunemøte

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

**Deltakarar:** Kommunane, Vest politidistrikt, PST, HV-09, HV-11, NVE, Statens vegvesen, KS, Direktoratet for strålevern og atomtryggleik, Helse Bergen, KS, Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS og Region Nordhordland IKS.

**Ikkje til stades:** Bømlo, Fedje, Masfjorden, Modalen, Sunnfjord, Solund, Stad, Stord og Voss.

### Innhald

1.	Innleiing .....	2
	Kommunemøte om digital tryggleik – 14. Desember .....	2
2.	Orientering etter kraftig nedbør .....	2
	Orientering frå Statsforvaltaren .....	2
	Orientering frå NVE, v/Aart Verhage.....	2
	Forsikring for privatpersonar.....	2
3.	Tryggleikspolitisk situasjon.....	3
	Orientering frå Statsforvaltaren v/Haavard Stensvand.....	3
	Orientering frå Vest politidistrikt v/Gustav Landro (stabssjef) .....	4
	Orientering frå PST Vest v/Torgils Lutro.....	4
	Orientering frå HV-09 v/Steffen Sanden .....	4
4.	Atomberedskap .....	5
	Situasjonsoppdatering frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) v/Ole Bøklepp.....	5
5.	Orientering om arbeidet med oppgradering av Lærdalstunnelen v/Tone Margrethe Oppedal, Statens vegvesen.....	5
	Bakgrunn for oppgraderinga, og utgreiingsarbeid .....	5
	Alternativ for oppgradering.....	6
	Avbøtande tiltak .....	6
6.	Planlagt arbeid/vedlikehald i telenettet og oppgraderingsarbeid til 5G.....	6
	Forventningar til kommunane (risikovurderingar og planlegging) v/Anne Eide.....	6
	Tillegg til referatet etter møtet; nokre punkt vi oppmodar kommunane om å vurdere .....	7
	Orientering om oppgraderingsarbeid til 5G v/Pål Henrik Lukashaugen, Telenor .....	7
	Spørsmål og diskusjon .....	8
7.	Orienteringar frå Statsforvaltaren v/Mari Severinsen .....	8
	Straumrasjonering – status på arbeid med prioriterte sluttbrukarar .....	8
	Hurtigtestar – høve for refusjon for flytting av testar.....	8
	Status på Covid-19 epidemien og risiko ved covid-19, influensa, RSV-infeksjon og kikhoste .....	9



Snakke med barn og ungdom om krigen .....	9
Tuberkulosescreening .....	9
Flyktningssituasjonen.....	10
Rapportering.....	10

## 1. Innleiing

### Kommunemøte om digital tryggleik – 14. Desember

Vi tek sikte på å ha eit eige temamøte om digital tryggleik onsdag 14. desember. Den viktigaste målgruppa vil vere kommuneleiinga og andre med ansvar for tenester og innhald som vert råka viss og når datasystema ikkje fungerer, enten det skuldast eit digitalt angrep eller eit uhell. Det vil såleis vere mindre merksemd på det reint datatekniske.

## 2. Orientering etter kraftig nedbør

### Orientering frå Statsforvaltaren

Det vart veldig mykje nedbør mot slutten av førre veke. Prognosane til Meteorologisk institutt trefte godt, både med omsyn til nedbørsmengder, tidsrom og kvar regnet kom reint geografisk. Skred- og flaumvarsla til NVE trefte og godt, og det vart flaumproblematikk fleire stadar. Det var Voss som igjen vart særleg utsett, der både Vangen og Evanger vart sterkt råka.

Vi var tett på kriseleiinga i Voss herad frå fredag kveld og gjennom helga, men hadde elles lite kontakt med andre kommunar. Vi vel å tolke det slik at det i grove trekk var kontroll på situasjonen andre stadar. Vi oppmodar kommunane om å seie frå viss dette er feil oppfatning, og om de ønskjer at vi skal jobbe på ein annan måte neste gong uvêret er over oss.

### Orientering frå NVE, v/Aart Verhage

Verhage gav ei oppsummering av varsling og flaum- og skredhendingane førre veke.

- Det gjekk eit jordskred i Masfjorden kommune.
- Nord for Sognefjorden var det åtte elvar som gjekk på raudt nivå, det står att å avklare om det var snakk om 200-års eller 500-årsflaum.
- Sør for Sognefjorden var det to elvar/vassdrag som gjekk på raudt. NVE mista nokre målestasjonar, m.a. i Myrkdalen der det truleg òg gjekk i raudt.
- Meteorologisk institutt målte 150-200 mm på fleire stasjonar på 48 timar, det kan ha kome meir utanom dei offisielle målestasjonane.

NVE har ikkje fått store meldingar førebels om skadar på elvekantar, gamle forbyggingar osv, men det kjem kanskje meir etter kvart.

### Forsikring for privatpersonar

Sjølv om dei største skadane kom i Voss herad er vi klar over at det òg oppstod skader andre stader i



fylket. Vi har vore i dialog med Norsk Naturskadepool og Landbruksdirektoratet, som forvaltar den statlege naturskadeordninga for private personar.

Hovudbodskapen frå Norsk Naturskadepool er at dei skadelidne sjølv må ta kontakt med forsikringsselskapet sitt så snart som mogleg. Det gjer at selskapa kan kome i gang med bistand til å fjerne vatn, tørking og andre skadeavgrensande tiltak.

Ved skade på objekt/grunn det ikkje er mogleg å teikne forsikring for, kan private personar søke til den statlege ordninga. Fristen for å søke til den statlege ordninga er tre månader etter skadetidspunktet. Søknad sendast elektronisk frå nettsida til Landbruksdirektoratet:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/eiendom/ordninger-for-eiendom/naturskadeordningen>

Vi vil legge ved ei informasjonsbrosjyre om dei to ordningane ved referatet og oppmodar kommunane om å bidra til å formidle bodskapen ut til innbygarane.

### Skjønnsmidlar til kommunar som har utgifter knytt til naturskade

Ved naturskade på infrastruktur som det ikkje er høve til å forsikre, kan kommunane søke midlar frå kommunaldepartementet. Dette gjeld til dømes skade på vegar og bruer, og kostnadar knytt til opprydding etter til dømes skred. Spørsmål om dette kan rettast til Marit Lunde ([fmsfmlu@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmlu@statsforvalteren.no)). Ho oppmodar alle kommunane om å opprette eige prosjektnummer for hendinga for å få oversyn over utgiftene.

## 3. Tryggleikspolitisk situasjon

### Orientering frå Statsforvaltaren v/Haavard Stensvand

Ukraina vant ein veldig viktig siger då dei gjeninntok byen Kherson i førre veke. Det er likevel ikkje noko som tyder på ei løysing av konflikten på kort sikt, verken militært eller diplomatisk.

Energisituasjonen i Europa ser litt lettare ut no enn for eit par månadar sidan. Gasslagera er meir oppfylt før vinteren enn det som var frykta. Her heime har magasinnivået i Sør-Noreg auka meir enn normalt for denne tiden av åra. Det har og vore nettoimport av kraft til Sør-Noreg i sju av dei åtte siste vekene. Saman med eit fall i gassprisane på 70 % samanlikna med toppen i august, gjer det og utslag i fallande kraftprisar.

Dette endrar likevel ikkje på den nasjonale strategien om at Noreg skal vere den viktigaste og tryggaste gassleverandøren til Europa i tida framover. Frå både politiske styresmakter, EOS-tenestene, politiet og Heimevernet har arbeidet med å sikre den norske gassverksemda difor høgast prioritet.

I situasjonsskildringane og analysane som vi får frå EOS-tenestene, er det ikkje noko som tilseier at trusselbildet har endra seg dei siste vekene for Noreg sin del. Men om det ikkje nødvendigvis er konkrete truslar mot norsk gassleveranse, er det eit faktum at vi som nasjon forvaltar enormt høge verdiar; både reint økonomisk, men endå viktigare som strategisk verkemiddel for å halde Europa samla. Frys Europa i vinter kan det verte krevjande å oppretthalde ein felles front mot den russiske aggresjonen.

UDI seier at planleggingsprognosen for kor mange ukrainske flyktningar som kan ventast til Noreg til neste år, no er justert opp frå 30.000 til 40.000. Hovudårsaka til auken er eskaleringa vi no ser frå russisk side, med øydelegging av viktig sivil infrastruktur i store delar av Ukraina.



### Orientering frå Vest politidistrikt v/Gustav Landro (stabssjef)

Strategisk kommunikasjon og styring skjer frå Statsministerens kontor, det er viktig at budskapet er samordna.

Innbyggjarar i kommunar i Vestland er aktive med å gi melding til politiet ved observasjonar.

Vest politidistrikt har godt samarbeid med Sør-Vest politidistrikt, som m.a. har ansvaret for Kårstø og for hendingar på sokkelen utanfor Vestland. Det same gjeld Møre og Romsdal politidistrikt, med ansvar for Nyhavna. Det har vore møte med Equinor og Gassco, og det er god samhandling mellom politidistriktet og objektigarar. Det same gjeld samhandling med HV-09, kommunane der anlegga ligg, kraftbransjen og Avinor. Det er jamlege møte med Heimevernet og Sjøforsvaret.

Politiet lokalt har fått beskjed om å kontakte og opprette kontakt med kraftleverandørar.

Det er inga endring i trusselsituasjonen, og ingen konkrete truslar mot anlegga. Etterretningstruselen er framleis der. Det er viktig at kommunane har merksemd på beredskap vidare. Politiet oppmodar framleis om å gi tips om uvanleg aktivitet.

Politiet kjem framover til å ha merksemd på korleis oppdraga skal vidareførast.

### Orientering frå PST Vest v/Torgils Lutro

Ingen endring i trusselbiletet, men framleis høg etterretningstrussel.

Mykje av årsaka til droneaktivitet og ein del andre observasjonar kan vere forventta signaleffekt (t.d. å skape uro og frykt hjå innbyggjarar og verksemder), og teste beredskapen vår. Risikoen for sabotasje er truleg meir reell no enn før Russland starta operasjonane i Ukraina i februar. Eit verstfallsscenario er ikkje så sannsynleg men kan likevel ikkje utelukkast.

PST oppmodar om å sjå på rettleiarar som er tilgjengelege på nettsidene til NSM og PST, m.a om insidetrussel og førebyggjande arbeid frå arbeidsgjevars side.

Oppmodar òg alle om å henge opp risikotrekanten på arbeidsplassen. Tida er overmoden på å sjå på eigne verdiar, og kva sårbarheiter og truslar som kan vere der.

PST Vest har eit godt samarbeid med politiet, og det er god meldingsteneste (innmeldte observasjonar frå innbyggjarar og andre). Meldingar skal gå til politiet. Det er dei lokale som kjenner normalsituasjon og kan sjå kva som er unormalt, og det er betre å få ei melding for mykje.

Spørsmål Alver kommune: bør kommunane bidra til å informere om kontaktpunkt hjå politiet ved observasjonar?

Svar Vest pd: nei, men dersom spørsmål frå innbyggjarar kan kommunen vise vidare til tipsmottak hjå politiet.

### Orientering frå HV-09 v/Steffen Sanden

Forsvarets nasjonale plan er delt inn i fasar, jf. endringa førre veke til ny fase. Ingen endring i trusselsituasjonen, men det var behov for å gå inn i ein meir kriseførebyggjande fase. Effektane av tiltak vil gjere Forsvaret betre rusta til å gjennomføre nye tiltak.

HV-09 støttar framleis politiet på Kollsnes og Mongstad. Dei har rullert HV-område for oppdrag, og vil etter kvart bruke områda lenger inn mot Bergen.



Har god dialog med politiet på regionalt og lokalt nivå, og med Statsforvaltaren. Vil ha merksemd på ev. justering av oppdrag i tida som kjem.

### 4. Atomberedskap

Situasjonsoppdatering frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) v/Ole Bøklepp

Bøklepp orienterte om status i Ukraina, særleg om det atomberedskapsfaglege.

- Situasjonen på Zaporizjzja-anlegget er alvorleg med ustabil straumforsyning og stort press på ukrainsk driftspersonell, og belastning på anlegget. Ingen større endringar for dei tre andre anlegga, driftast som normalt.
- DSA har framleis stab på nivå 2, Kriseutvalget for atomberedskap (KU) har jamlege møte.
- Minna på at jodtablettar og innemelding ikkje vil vere aktuelle tiltak i Noreg ved hending i Ukraina.

DSA publiserer oppdatering om situasjonen kvar veke som nyhendesak. [Sak frå 11. november 2022.](#)

### 5. Orientering om arbeidet med oppgradering av Lærdalstunnelen v/Tone Margrethe Oppedal, Statens vegvesen

Oppedal orienterte om bakgrunnen for oppgraderinga, alternativa som finns for stenging under arbeidet og avbøtande tiltak.

Oppgraderingsarbeidet vil føre til ulemper for samfunnet. Prosjektlear har hatt fleire møte lokalt, og har bedt om å få gjort ei utgreiing for å finne ei løysing som gir minst mogleg utfordringar.

Det har blitt framstilt i media som at Statens vegvesen har bestemt seg for å stenge tunnelen heilt i eitt år. Det stemmer ikkje. No er det sett i gang eit utgreiingsarbeid, som skal sjå på m.a. kva som er best for lokalsamfunna, transportbehov aust-vest, kor lange stengingsperiodar, avbøtande tiltak m.m. Arbeidet blir gjennomført av Statens vegvesen, med tett kontakt med kommunane m.fl. Det er ikkje til å unngå at det blir ulemper, men målsetjinga er at dei skal verte så små som mogleg.

Bakgrunn for oppgraderinga, og utgreiingsarbeid

- EU-direktiv for tunneltryggleik som Noreg er forplikta til etter EØS-avtalen. I praksis er det å oppfylle krava i «Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse vegtunnelar (tunnelforskriften)».
- Etterslep på vedlikehald av Lærdalstunnelen som uansett må gjerast.
- Lengda på tunnelen og geologiske utfordringar («sprakefjell») gjer at arbeidet blir kostbart og tek lang tid.
- Utgreiingsarbeidet for å finne løysing som samla gjev minst ulempe er i gang, med føremål om å gi godt grunnlag for å ta avgjersle. Det skal gjennomførast avbøtande tiltak for å redusere dei negative verknadene av oppgraderingsarbeidet.
- Når utgreiinga er ferdig, vil SVV ta i mot synspunkt på kva som er den rette løysinga før avgjersla blir teke.



### Alternativ for oppgradering

- Nattestenging (kl. 22-06) vart føresett i utgangspunktet, men på grunn av særskilte tilhøve vil det vere svært vanskeleg å gjennomføre. M.a. vil det vere usikkert om eller når tunnelen kan opnast for gjennomkøyring ved arbeid. Det blir undersøkt alternativ med anna lengde på nattestenging.
- Full stenging, eit alternativ som har kome til som ein måte å løyse problemet nattestenging gir.
- Uavhengig av alternativ vert det ein lang periode med ferdiggjering med nattestenging og i stor grad fri ferdsel på dagtid med lågare fartsgrense.

### Avbøtande tiltak

- Tiltak på vegnettet
- Kollektivtiltak
- Tiltak retta mot samfunnsoppgåver
- Informasjonstiltak

## 6. Planlagt arbeid/vedlikehald i telenettet og oppgraderingsarbeid til 5G

Vi er kjent med at Telenor har starta eit større arbeid med oppgradering til 5G i Vestland. Vi vart kopla på i dialogen mellom Telenor og Alarmsentralen i Florø, om ein del utfordringar som dette arbeidet skapte. Alarmsentralen driftar ulike alarmtenester for kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane.

Vi har ein god dialog med Telenor, og har m.a. oppmoda om at dei sender varsel om planlagt arbeid til beredskapsadressa i dei aktuelle kommunane (vi har sendt over adresselister).

### Forventningar til kommunane (risikovurderingar og planlegging) v/Anne Eide

Det er allereie eit faktum at samfunnet er heilt avhengig av eit fungerande mobilnett, for m.a.:

- at innbyggjarar skal kunne kontakte naudetatar ved behov for hjelp
- at utstyr som skal gjere det trygt å bu heime for sjuke og eldre skal fungere
- brannvarsling på offentlege bygg som t.d. sjukeheimar

Velferdsteknologi blir jamleg peikt på som løysinga for framtida, for at fleire kan bu heime, og lenger. Avhengigheita av mobilnettet vil berre auke endå meir. På grunn av naturforholda har vi i Vestland (diverre) mange erfaringar med utfall i mobilnettet, enten fordi vêr og vind har påverka infrastrukturen for ekom direkte, eller indirekte gjennom at straumforsyninga er borte.

Men kva med dei tilfella der ekom-forsyninga vert borte på grunn av planlagt arbeid? Korleis kan vi sikre at det vert tidleg nok varsla om det til dei som treng den informasjonen? Og kva vurderingar må kommunane gjere for å forstå følgjene, og setje i verk tiltak for å unngå uønskete konsekvensar? Det er nokre av spørsmåla som vi ønskjer å setje på dagsorden. Det er særleg Alarmsentralen i Florø som ved fleire høve har kontakta oss om konkrete hendingar dei har oppdaga, der planlagt arbeid i nettet har ført til bortfall av tenester som ikkje har vore kjent for dei som har ansvaret for dei.

### Det gjeld m.a. (IKKJE uttømmende liste)

- tryggleiksalarmar for heimebuande eldre og sjuke, og m.a. døralarmar for demente
- automatiske brannalarmar for offentlege bygg som sjukeheim, omsorgsbustader, skular og barnehagar



- heisalarmer og ulike tekniske alarmer

I tillegg til å setje det på dagsorden i dialogen med kommunane, ønskjer vi å løfte problemstillingane til nasjonale styresmakter. Målet er å sikre at tilbydarane, innhalds-/tenesteleverandørar, kommunane og andre offentlege aktørar får ei felles forståing av kva:

- Tenester og funksjonar som blir råka hjå aktørar med ansvar for samfunnskritiske tenester (kommunar, naudetatar, andre)
- Konkrete konsekvensar utfall kan føre til
- Aktørar som må varslast, og rutinar for det
- Avbøtande tiltak som tilbydarar, kommunane og andre bør/må vurdere og planlegge for, for å unngå konsekvensar som kan råke liv og helse

Vi trur det er behov for eit eige temamøte om dette, mest truleg like over nyttår. Vi kjem tilbake med dato og innkalling, og vi oppmodar kommunane om å sende spørsmål og innspel på e-post til oss ([sfvlberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvlberedskap@statsforvalteren.no)).

Tillegg til referatet etter møtet; nokre punkt vi oppmodar kommunane om å vurdere

- Kva tenester i kommunen må få varselet?
- Informasjon til innbyggjarar ved planlagte utfall av ekom
  - Korleis kan innbyggjarane varsle naudetatar ved behov for hjelp? T.d. stad dei kan oppsøke, minne om at internett via kabel/fiber skal fungere og at andre taletenester via nettet kan fungere.
- Informasjon, tilsyn og oppfølging for heimebuande i ein periode med utfall?
  - Korleis gi god informasjon, syte for oppfølging/tilsyn, og når vurdere å t.d. flytte særleg sårbare pasientar til sjukeheim?
- Alternativt samband i heimetenestene?
- Avbøtande tiltak med tanke på manglande automatisk brannvarsling for sjukeheimar osb
- Er det andre viktige funksjonar i kommunen som er avhengig av at mobilnettet fungerer?

[Orientering om oppgraderingsarbeid til 5G v/Pål Henrik Lukashaugen, Telenor](#)

Ved oppgraderingsarbeidet må store deler av det fysiske utstyret på mastene skiftast. Det fører difor til nedetid, særleg i distrikt og område der det ikkje er overlappende dekning frå fleire master.

Telenor har som mål å vere ferdig med oppgradering til 5G i sitt nett i løpet av 2024. For Vestland betyr det ei oppgradering av om lag 1 080 master.

Varslingsrutinar per i dag er via e-post til kontaktpersonar i område der det er venta utfall. I varselet vert det informert om tidsrom der det kan bli utfall, med kart som viser aktuelle dekningsområde som vil bli råka og adresseliste. Det er viktig at kommunane har oppdatert oversikt over t.d. brukarar av tryggleiksalarmer.

Lukashaugen oppmoda kommunane og andre til å utfordre leverandørane på dekning, robustheit og kapasitet/tilgjengelegheit, digital risiko og sikkerheit, særleg i anbudsprosessar. Dersom ein meiner batterikapasitet er for liten bør ein syte for å få krav til dette inn i anbudsrundar.

Telenor er positive til å møte enkeltkommunar eller aktørar ved behov.



### Spørsmål og diskusjon

- Statsforvaltaren: ei utfordring er at varsla periode for oppgraderingsarbeid er over lang tid, t.d. over ei veke. Det gjer det krevjande for kommunane og andre å planlegge og setje inn tiltak for. Kor detaljert er det mogleg å vere med kommunane?  
Svar Telenor: er merksame på at dagens varslingsperiode er for lang. Arbeider med leverandørar om å redusere denne, og med varslingsrutiner for å presisere omfang av venta utfall meir detaljert.
- Alarmsentralen i Florø/Terje Brandsøy: oppmodar kommunane om å vere veldig «på» ved slike varsel, og at informasjonen òg må ut til sluttbrukarane (kommunanes ansvar).

## 7. Orienteringar frå Statsforvaltaren v/Mari Severinsen

### Straumrasjonering – status på arbeid med prioriterte sluttbrukarar

Arbeidet med å gå gjennom alle innkomne prioriteringslister har blitt noko forseinka grunna sjukdom, men er no i gong. Sjølv om sannsynet for rasjonering har blitt ytterlegare redusert, ser vi at det er viktig å følgje opp dette arbeidet då det er stor spreing i kva de ulike kommunane har rapportert inn. Nokre kommunar har inkludert veldig mykje, medan andre har rekna opp svært få objekt. Nokre forskjellar skuldast sjølvstort storleiken på kommunen, medan andre forskjellar skuldast ulike prioritering. Vi ser mellom anna at ein del har meldt inn vatn og avløp, medan andre ikkje har gjort det. Vi vil gå grundig igjennom alt og kontakte kommunar vi ser behov for å diskutere prioriteringane som er gjort med.

Så langt har vi samanstilt alle område de har meldt inn som kritiske for EKOM/Nødnett. Vi er framleis i dialog med enkelte av dykk for å ferdigstille denne lista, men har hatt dialog med DSB Nødnett som har byrja arbeidet med å matche område med basestasjonar. Når dei har fått endeleg liste og sett på kva basestasjonar som er aktuelle, vil vi ha ein dialog med dei om kva som er mogleg å få til. Vi vil syte for å inkludere dei som vert råka viss DSB ser at dei har behov for ytterlegare prioriteringar i enkelte område. Vi vil i dialog med DSB syte for at informasjonen om prioritering av dei enkelte basestasjonane vert formidla til nettselskapa.

### Hurtigtestar – høve for refusjon for flytting av testar

Viser til brev sendt til kommuneoverlegar, smittevernlegar, kommunedirektørar og beredskapskontaktar 4. november.

Det er framleis ei nasjonal forventning om at ein har 2 testar per innbyggjar. Ved rapportering 12. september var det om lag 1,6 millionar testar i Vestland, det vil si 2,5 per innbyggjar. Forbruket no er lågt, så vi forventar at det framleis er mange testar ute i kommunane. Sjølv om det samla talet med testar er stort, er det store variasjonar mellom kommunane på kor mykje dei har. Vi kan ikkje si noko om sannsynet for at ein vil starte opp med omfattande testing og såleis behovet for å ha store lager i den einkilde kommune.

Ut november har vi midlar som skal nyttast til refusjon av utgifter knytt til flytting av testar, for dei kommunane som ønskjer å gjere det. Vi ber dykk difor vurdere om de ønsker ei slik omfordeling. Det kan gjerast ved at kommunar som har lite testar på lager (under to testar per innbyggjar) får frå nabokommunar som har mange (over to testar per innbyggjar). Sjå oversikt over lagerstatus per 12. September som er sendt ut saman med brevet. **For å nå vår frist for utbetaling av midlar innanfor**





**den betalingsfullmakta vi har fått frå Helsedirektoratet, må vi få tilsendt faktura innan torsdag 24. november.**

Helsedirektoratet orienterer elles om at størstedelen av hurtigtestar som no ligg lagra har utløp i starten av 2024, men her må den enkelte ha kontroll på eige lager. Det er ikkje tilrådd å nytte testane etter utløpsdato. Helsedirektoratet har avklart med Miljødirektoratet at testane er å sjå som restavfall.

### Status på Covid-19 epidemien og risiko ved covid-19, influensa, RSV-infeksjon og kikhoste

FHI orienterer om at smittespreiinga, tal nye sjukehusinnleggingar og dødsfall på grunn av covid-19 er aukande. Dette er mest sannsynleg starten på ein ny covid-19 bølge i Noreg. Det er stor uvisse knytt til kor stor bølga blir, men FHI ventar at ei vinterbølge med dei variantane vi kjenner no ikkje vil gi ei betydeleg større belastning på skulehusa enn det sommarbølga i 2022 gav. Det er viktig at helseinstitusjonar har beredskap for fleire innleggingar, fleire utbrot og større sjukefråvær.

For meir informasjon frå FHI sjå vekerapport for veke 43 og 44:

<https://www.fhi.no/nyheter/2022/ukerapport-covid-19-influensa-og-andre-lufveisinfeksjoner-for-uke-43-og-44/>

FHI har òg gjort ei vurdering av risiko ved covid-19, influensa, RSV-infeksjon og kikhoste for vinteren. Dei har konkludert med at det er sannsynleg at vi denne vinteren får ei bølge av covid-19 og epidemiar av influensa, RSV-infeksjon og kanskje òg kikhoste. Dei tre sistnemnde kan bli større enn vi er vande med frå før pandemien. Dette gjer at belastninga på sjukehusa, og særleg barneavdelingane, kan bli stor. Kommunale helsetenester kan òg vente stor belastning. Stort sjukefråvær vil belaste samfunnet generelt, men særleg helsetenestene.

Bølgjene og epidemien kan starte før jul, men mest truleg blir den største belastninga i januar og februar.

For mer informasjon om risikovurderinga frå FHI sjå her: <https://www.fhi.no/nyheter/2022/risiko-ved-covid-19-epidemien-influensa-rsv-infeksjon-og-kikhoste-i-norge/>

### Snakke med barn og ungdom om krigen

Den usikre situasjonen i Europa og faren for atomulykker kan verke skremmande for både vaksne, ungdomar og barn. Helsedirektoratet og Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) har utarbeidd råd om korleis vaksne kan snakke med barn om krig og frykt for atomutslepp.

Meir informasjon finn de i denne artikkelen på nettstaden vår:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/helsetenester/rad-om-korleis-vaksne-kan-snakke-med-barn-om-krig-og-frykt-for-atomutslepp/>

### Tuberkulosescreening

Vi har nyleg svart ut eit spørsmål frå Kinn kommune knytt til rutinar for tuberkulosescreening og vidaresending av prøvesvar. Etersom dette er noko vi jamleg får spørsmål om meiner vi svaret kan vere av interesse for fleire kommunar og vil difor sende svaret ut saman med referatet.



## Statsforvaltaren i Vestland

Politiets utlendingseining (PU) og Helsedirektoratet er klar over at flyten rundt tuberkulosescreeninga og vidaresending av prøvesvar ikkje er veldig god, og arbeider med å betre denne. PU informerer mellom anna at dei ser på høve for å sende prøvesvara digitalt i staden for per brevpost som dei gjer i dag.

### Flyktningsituasjonen

UDI har kome med nye scenario for flyktningsituasjonen for 2023, og IMDi arbeider med busetting i 2023. Dei deltek ikkje i dette møtet, men vi vil ha ei bolk om dette i neste kommunemøte 6. desember.

### Rapportering

Vi minner elles om neste rapportering i STAF-løysinga som har frist måndag 5. desember. Vi har ikkje fått beskjed om det er tenkt at rapporteringa skal vidareførast etter jul, og har tilrådd å avvikle denne. Helsedirektoratet har teke ut sine spørsmål av rapporteringa og strekte under i møte med Statsforvaltarane førre veke at det er viktig at vi melder frå om utfordringar og avvik i helsesektoren i normale kanalar (frå kommune til Statsforvaltar til direktoratet).

Vi minnar difor om at det er viktig at kommunane melder frå til oss dersom de opplever avvik eller utfordringar i tenestene, både i helsetenestene og andre kritiske tenester. Dette kan gjerast til beredskapsadressa vår ([sfvlberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvlberedskap@statsforvalteren.no)) eller i fagkanal.